

## KULTURPRISEN FOR SØR-AURDAL KOMMUNE

Kulturprisen for Sør-Aurdal har vore delt ut årleg sidan 1978.

### **Retningsliner for Kulturprisen frå Sør-Aurdal kommune**

#### **Formål**

For å stimulere til auka innsats i kunst, kulturliv og miljøarbeid og for å gje ei oppmuntring til dei mange som er engasjert i slik verksemd, oppretta Sør-Aurdal kommune ei ordning med årleg utdeling av kulturpris.

#### **Retningsliner**

1. Kulturprisen kan delast ut til einskildpersonar som har gjort ein særleg innsats i kunst og kulturliv i Sør-Aurdal på frivillig basis. Prisen kan og delast ut til lag og foreningar.

Med kultur meiner ein kultur i vid tyding, slik at m.a. ungdoms- og idrettsarbeid kjem med. Opplysningsarbeid, humanitær innsats og engasjement i religiøs verksemd kan også i mange høve reknast som kultur i denne samanheng.

2. Frist (1. mai) for å kome med forslag til kandidatar for kulturprisen blir annonsert.
3. Formannskapet peikar ut kulturprisvinnar og sørgjer for utdeling. Formannskapet avgjer kvart år om kulturprisen skal delast ut eller om midlane skal overførast på budsjettet til seinare år, evt. delast ut som eit stipend.
4. Kommunestyret fastset årleg løyvinga til kulturpris i budsjettet. (Prisbeløp fastsett til kr 5 000 av formannskapet, FS- 005/15).
5. I tillegg til ei pengegåve, får prisvinnar diplom og blomar.
6. Kulturprisen blir delt ut på kulturkvelden. Kulturkvelden med prisutdeling bør frå år til år så vidt mogeleg haldast på ulike stader i kommunen.



Kulturprisen 2012 til STAUT. Foto: Rune Larheim